

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 77/2009

av 3. juli 2009

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 25/2009 av 17. mars 2009⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2008/124/EF av 18. desember 2008 om avgrensing av marknadsføringa av frø frå visse artar av förvekstrar og olje- og fibervekstrar til frø som er offisielt sertifiserte som ”basisfrø” eller ”sertifiserte frø” (konsolidert utgåve)⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Direktiv 2008/124/EF opphevar kommisjonsdirektiv 75/502/EØF⁽³⁾ og 86/109/EØF⁽⁴⁾, som er tekne inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje för Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel III del 2 til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 1 (kommisjonsdirektiv 75/502/EØF) og nr. 4 (kommisjonsdirektiv 86/109/EØF) vert oppheva.
2. Etter nr. 52 (kommisjonsdirektiv 2008/62/EF) skal nytt nr. 53 lyde:
”53. **32008 L 0124:** Kommisjonsdirektiv 2008/124/EF av 18. desember 2008 om avgrensing av marknadsføringa av frø frå visse artar av förvekstrar og

⁽¹⁾ TEU L 130 av 28.5.2009, s. 15, og EØS-tillegget til TEU nr. 28 av 28.5.2009, s. 12.

⁽²⁾ TEU L 340 av 19.12.2008, s. 73.

⁽³⁾ TEF L 228 av 29.8.1975, s. 26.

⁽⁴⁾ TEF L 93 av 8.4.1986, s. 21.

olje- og fibervekstrar til frø som er offisielt sertifiserte som "basisfrø" eller "sertifiserte frø" (konsolidert utgåve) (EUT L 340 av 19.12.2008, s. 73)."

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2008/124/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. juli 2009, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 3. juli 2009.

For EØS-komiteen

O.H. Sletnes

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.